

## MØTEREFERAT

Tema:	Ny kommune <b>Ytre Søre Sunnmøre</b> (Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid)
Dato/Sted	Thon Hotell, Fosnavåg, 6. januar 2016, kl 13:00 til 16:00
Oppmøte:	Dag Vaagen, ordfører, Sande kommune Helge Støylen, varaordfører, Sande kommune Arnljot Muren, formannskapsmedlem, Sande kommune Asle Giske, rådmann, Sande kommune Lena Landsverk, ordfører, Vanylven kommune Bjarne Sætrene, varaordfører, Vanylven kommune Ottar Jan Løvoll, formannskapsmedlem, Vanylven kommune Andreas Nørve, rådmann, Vanylven kommune Arnhild Nordaune, kommunalsjef, Vanylven kommune Arnulf Goksøyr, ordfører, Herøy kommune Tine Storøy, formannskapsmedlem, Herøy kommune Kjell Runde, formannskapsmedlem, Herøy kommune Olaus-Jon Kopperstad, rådmann, Herøy kommune Ole Magne Rotevatn, kommunekontakt, Herøy kommune (referent) Anders Riise, ordfører Hareid kommune Annika Brandal, formannskapsmedlem, Hareid kommune Ranja Dimmen Alme, formannskapsmedlem, Hareid kommune Kai-Rune Bjørke, kommunekontakt, Hareid kommune Knut Erik Engh, ordfører Ulstein kommune Steinar Torvik, varaordfører, Ulstein kommune Renathe Rossi-Kaldhol, formannskapsmedlem, Ulstein kommune Einar Vik Aarset, rådmann, Ulstein kommune
Møteleiar:	Per Ivar Lied, Sunnmøre Regionråd

Sunnmøre Regionråd la fram dagsorden og presenterte ønska resultat av møtet.

### 1. Visjon/målsetjingar

Rådmannen i Sande presenterte framlegg til metode/prosess for det vidare arbeidet.

Kommunereforma er eit «Wicked problem» – inga «rett» løysing, men fleire gode og dårlege løysingar

Sentrale spørsmål: Kva er viktig, kvifor er vi her? Kva kan vi gjere betre i høve andre?

Kvar er vi no? → Kva ønsker vi å bli? → Kva må vi gjere for å kome dit?

Etablere felles identitet, verkelegheitsforståing og kva utfordringar som ligg i framtida.

Vi må bruke litt meir tid på SWOT-analyse, og bli enige om bakteppet for visjon og målsetjingar, før 5 YSS går vidare til dei «vanskelege spørsmåla».

Fleire kommunar kommenterte at ein gjerne skulle gjennomført ein meir grundig prosess slik Sande har presentert, men ser utfordringar ift. tidsfristar.

Herøy kommune viste til omgrepet «konstruktiv destruksjon» (frå innleiinga) av kommunesenter, endring/nedlegging av kommunesenter, det har med seg nokre ringverknader som ikkje er uvesentlege når vi snakkar om samanslåing og sentralisering av funksjonar. Viste til artikkel i Fagbladet samfunn og økonomi av Bjarne Jensen. Artikkelen refererte til forskning om kommunesamanslåing og erfaringane er at kommunesamanslåing ikkje vil gi sterkare vekst og befolkningsutvikling, men heller at det vert befolkningsnedgang ved kommunesamanslåing.

Vanylven kommune viste til stortingsmelding om kva Stortinget vil gjere med dei kommunar som evt. vel å stå aleine. Dei vil bli teke frå oppgåver, det kjem endringar i inntektssystemet som indirekte tvingar ein inn i større kommunekonstellasjonar. Det må inngåast avtalar som gjer at ingen vert taparar i ein samanslåingsprosess, alle må vere vinnarar.

Hareid kommune er einig i at vi må finne avtalar slik at alle vert vinnarar i denne prosessen. Dei er åpne for å bruke den malen til intensjonsavtale som Vanylven har føreslått. I veke 2 kjem det nye tal i forhold til det nye inntektssystemet der alle kommunar kan sjekke ut konsekvensane dette vil få for si kommune.

Ulstein kommune viste til at det må vere viktig med ein felles plan for korleis bygge ein sterkare region. Frå 1956 til i dag har sentraliseringsprosessen vore i gang. Vanylven og Sande har hatt nedgang og Herøy, Ulstein og Hareid har hatt befolkningsauke. Viss vi skal lukkast med å skape ein attraktiv region må vi slutte med den destruktive konkurransen mellom kommunane, og det er denne destruktive krafta som Ulstein er bekymra for.

Herøy kommune poengterte at sentralisering av offentlege arbeidsplassar truleg vil styrke det senteret som får funksjonen og samtidig svekke det/dei sentera som mistar dei offentlege arbeidsplassane.

Sande kommune meiner gjeldsgraden i kommunane ikkje er interessant, men den samla balansen og dei «usynlege» verdiane som ligg mellom kommunane. Heller fokusere på mulegheiter og dei positive verdiane.

Herøy kommune stiller spørsmål ved kva synergieffektar dei tidlegare kommunesentera vil få ved å slå seg saman? Kva positive verknadar vil dei fem kommunane få ved å slå seg saman?

Sunnmøre Regionråd viste raskt tekst frå andre intensjonsavtalar på visjon og målsetjingar som kan vere utgangspunkt for konkrete diskusjonar i YSS.

Ulstein kommune foreslår at koordineringsgruppa må ta større ansvar, vedta dagsorden og førebu møte i forhandlingsutvalet for å kome vidare. Samtalane må bli meir konkrete.

## **2. Innbyggjarhøyring/folkeavstemming.**

Fylkesmannen har meldt tilbake at det ikkje kan nyttast elektronisk avrøysting.

Kommunane er i ulike stadium i dette spørsmålet. Vanylven har vedtatt folkeavstemming som er lagt opp i april og førehandsrøysting frå mars. Dei andre mindre konkrete, men vil ha ei form for innbyggjarhøyring.

## **3. Viktige/vanskelege forhandlingstema**

Nokre tema kom opp i diskusjonane:

- Kommunesenter
- Fordeling av stabsfunksjonar

- Namn
- Lånegjeld
- Investeringsbehov
- Eigedomskatt

Kommunane sender punkt på dette til koordineringsgruppa, sjå oppfølgingspunkt nedanfor.

#### 4. Oppfølging:

Kommunane/forhandlingsutvala sender innan 14. januar konkrete innspel/formuleringar på

1. Visjon
2. 3-5 målsetjingar
3. Viktige og vanskelege forhandlingspunkt

Desse kan sendast til [per.ivar.ried@sunnmoreregionrad.no](mailto:per.ivar.ried@sunnmoreregionrad.no) og [asle.giske@sande-mr.kommune.no](mailto:asle.giske@sande-mr.kommune.no)

Neste møte onsdag 27. januar kl 09.00-16.00, Thon Hotell, Fosnavåg.

Koordineringsgruppa møter tirsdag 19. januar, Sande rådhus, Larsnes, kl 09.00-11.00 for å førebu møte 27.januar.

Kvar kommune/medlemmane i forhandlingsutvala vert oppfordra til å lese SWOT-analysen, og arbeide med utfordringspunkt/førebuing til neste møte.